

Alver kommune
Ørjan Raknes Forthun

| | | |
|-------------|---------------|------------|
| Dykkar ref. | Vår ref. | Dato |
| | 16/534-54/KJA | 27.08.2019 |

Alver kommune – målvedtak i samband med kommunesamanslåinga

I samband med at kommunane Lindås, Meland og Radøy 1. januar 2020 skal slåast saman til ein ny kommune med namnet *Alver kommune*, er det naudsynt med eit nytt målvedtak. Både Lindås, Meland og Radøy er i dag registrerte med nynorsk som målvedtak.

Framgangsmåte for nytt målvedtak

Eit målvedtak for Alver kommune må gjerast av kommunestyret for den samanslårte kommunen etter at kommunestyret har konstituert seg. Vedtaket kan gjerast av kommunestyret hausten 2019, altså før kommunesamanslåinga er gjennomført. Vedtaket kan ikkje gjerast av fellesnemnda for Alver kommune.

Språkrådet bed om at det blir meldt frå til Språkrådet når Alver kommunestyre har gjort målvedtak for den nye kommunen, eventuelt om kommunestyret har vedteke at kommunen skal vera språkleg nøytral.

Dersom ei slik melding blir send til Språkrådet seinast 16. desember 2019, vil Språkrådet syta for at målvedtaket kjem med i ei ny målvedtaksforskrift, som etter planen skal fastsetjast før nyttår, slik at ho kan gjelda frå 1. januar 2020.

Dersom Språkrådet får melding om målvedtak etter 16. desember 2019, vil vi snarast rád registrera målvedtaket og endra målvedtaksforskrifta i tråd med vedtaket.

Målvedtak skal etter mållova § 5 tredje ledd meldast til departementet, som skal syte for å gje målvedtaket kjent i statstenesta. Ei slik oversikt er fastsett i forskrifts form som *forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar* (målvedtaksforskrifta, sjå vedlegg). I 2016 delegerte Kulturdepartementet ansvaret for å oppdatera oversikta over kommunale og fylkeskommunale målvedtak til Språkrådet. Nye målvedtak skal difor meldast direkte til Språkrådet.

Nærare om målvedtak etter mållova

Etter [lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste](#) (mållova) § 5 første ledd kan ein kommunestyre gjera vedtak om å krevja ei viss målform, nynorsk eller bokmål, i skriv frå statsorgan til kommunen. Kommunestyret kan òg vedta at kommunen skal vera språkleg nøytral. Ein kommune som ikkje har gjort uttrykkjeleg målvedtak, vil bli rekna som språkleg nøytral.



Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.språkrådet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Målvedtak etter mållova § 5 har òg den rettsverknaden at dei ligg til grunn for kva som skal vera tenestemålet for regionale og lokale statsorgan, jf. [forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste](#) § 5 andre ledd og mållova § 7.

Når to eller fleire kommunar blir slått saman, blir dei tidlegare målvedtaka rekna som bortfalne, slik at den samanslåtte kommunen må ta stilling til om han skal gjera eit nytt vedtak. Inntil eit nytt målvedtak er gjort, vil den nye kommunen bli rekna som språkleg nøytral.

Meir informasjon

Vi minner om Språkrådets rundskriv dagsett 30. oktober 2017 til kommunar og fylkeskommunar som er involverte i samanslåingsprosessar. Rundskrivet er lagt ved dette brevet.

Dersom de har spørsmål, kan de ta kontakt med Språkrådet.

Vennleg helsing

Margrethe Kvarenes
seksjonssjef

Kjetil Aasen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:
Alver kommune

Kopi til:
Lindås kommune
Meland kommune
Radøy kommune

Vedlegg:
Rundskriv om målvedtak etter 54776
mållova i samband med
kommune- og
fylkessamanslåingar – nynorsk
Forskrift om målvedtak_2019 71402